

Oplegg for ei lita forsamling

Korleis ei forsamling med få deltakarar kan fungere fullgodt utan mykje førebuing og krevjande oppgåver

Jesus sa at «*der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt imellom dei*» (Matt 18,20). Dermed er det slått fast at ei kristen forsamling (menigheit) ikkje treng bestå av mange menneske. I dette notatet ser på vi korleis ei lita forsamling kan fungere i praksis.

Vi må hugsa på korleis alle kristne er jamstilte i høve til det å tena Gud på ulikt vis: “... og gjorde oss til eit kongerike og til prestar for vår Gud.” (Johs. opb. 5, 9-10).

Sjå også Ap.gj. 2,42 – 47, om dei første kristne sitt forsamlingsliv, og Paulus si oppmoding i 1. Kor. 14,26.

Njål Skrunes har i artiklane «Menighetsbygging i bedehusland» og «Gudstjenesten på bedehuset» vist kva forsamlingsbygginga i bedehusland bør sikta imot. Men mange stader er flokken liten og opplegga kan verta overveldande og urealistiske.

Vi tenkjer her i dette notatet på ei mindre gruppe menneske som samlast på bedehuset, eller i ein heim, og korleis ei forsamling etter bibelsk mønster kan byggjast av denne vesle gruppa. Siktemålet er å verta bevarte i ei sann tru til det evige livet, ved å byggja ein fellesskap der ein tener kvarandre og Gud med dei gåvene ein har.

1. Møtefrekvens

Ein bør samlast minst ein gong i veka. Dei første kristne kom dagleg saman (Ap.gj. 2,46) – det er eit høgt ideal. Men at vi møtest ein gong i veka, gjerne søndag, er både praktisk mogleg og nødvendig for gudslivet.

2. Vitnemålet

Ein viktig del av samlinga er at dei frammøtte deler ord frå Bibelen med kvarandre. Dette føreset igjen at medlemmene i gruppa er aktive bibellesarar, og då deler ein bibelord/tekstavnitt og tankar rundt dette som den einskilde har med seg frå sitt private andaktsliv. Det kan ta litt tid og øving før alle vågar å ta ordet, men denne vitnetenesta vil ein oppleva som givande og velsignelsesrik, og ulike nådegåver vil springa ut av dette. I tilfelle der ein ikkje har talar med seg, vert vitnetenesta ein erstattar for talen.

3. Forkynninga

Om ein har moglegheit for det, er det bra å få med ein forkynnar som kan tala Guds ord. Det kan vera ein i gruppa som kan ta på seg å ha eit lengre innlegg/andakt, eller ein utanfrå. Men som sagt, viss gruppa er førebudd til vitneteneste vil dette kunna vere fullgod erstatning. Eit alternativ er også å spela av ei tale frå internett, der er mykje god forkynning tilgjengeleg.

4. Fri bøn

Bøna må ha ein sentral plass i samlinga. Set av tid til å be saman – her er det fri bøn, og det er godt om alle kan delta med si stemme i dette. Be for kvarandre, for naboane, for misjon og vidare utover. Be om det gruppa opplever som viktig og har naud for. Ha gjerne ei fast bønelyste, men den frie bøna må sleppa til i tillegg.

5. Songen

Syng saman, gjerne som lovprising og takk til vår himmelske far. Der er mange gode tekstar som dekkjer ulike tema, og mange songar har mykje forkynning i seg. Songen har alltid hatt ein sentral plass i Guds forsamling.

6. Liturgiske ledd

Som Njål Skrunes seier, er der visse faste ting som alltid har følgt Guds forsamling. Desse bør ein ha med, dei gjev forankring, og hjelper til med å halda den rette kursen. Det gjeld særleg Forsakinga og truedkjenninga, Fader Vår og Velsigninga - enten den apostoliske eller den aronittiske. Det krev ikkje mykje å lesa desse saman, på eit passende tidspunkt i samlinga.

7. Nattverden

Nattverden må vera med i ei kristen forsamling. Dei første kristne feira nattverd ofte. Vi tenkjer at ein gong i månaden er eit minimum. Nattverden kan fullverdig feirast på enkelt vis – ved at ein sender rundt elementa og forkynner for kvarandre «dette er Jesu lekam» og «dette er Jesu blod». Nattverden vert innleia med at ein i gruppa les innstiftingsorda i 1.Kor. 11,23-26, og bed ei bøn.

8. Dåpen

Forsamlinga bør ikkje seia nei til å ta hand om dåp – om det skulle bli aktuelt. Om ikkje nokon i forsamlinga ser seg i stand til å ta dette ansvaret, bør ein få ein utanfrå til å gjera det.

9. Offergåve og misjon

Forsamlinga, om den er liten, bør også samla inn ei offergåve i det faste møtet. Det går på å vera opptekne med meir enn seg sjølv. Her støttar vi opp om misjonen – evangeliet ut til folket, i verdsvid forstand. Gruppa må avgjera kven pengane skal sendast til.

Utover det som her er lista opp, kan sjølvstøtt mangt gjerast, alt etter kva ein har ressursar til, og kva ein har naud for og kall til. Medlemmene i gruppa kan også ha ulike misjonsorganisasjonar som sitt hjartebarn, og her må ein gi kvarandre fridom. Men den faste, felles samlinga det her er lagt opp til er eit slags minimum for ei forsamling.

Rune Espelid

17.10.2016